



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Sørfold Kraftlag SA
Straumvassveien 2
8226 STRAUMEN

Vår dato: **05 DES 2012**
Vår ref.: NVE 201203452-2 ki/saas
Arkiv: 311 /166
Dykkar dato: 18.05.2012
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Oppgradering av aggregat i Kvarv kraftverk, Sørfold kommune, Nordland - tiltaket er ikkje konsesjonspliktig

Vi syner til melding av 18.05.2012 om oppgradering av aggregat i Kvarv kraftverk. NVE skal på bakgrunn av opplysningane i meldinga avgjere om utbygginga medfører slike skader eller ulemper for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova § 8. NVE har ikkje vore på synfaring i området.

Orientering om tiltaket

Kvarv kraftverk vart sett i drift i 1984. Kraftverket nyttar ei fallhøgde på 238,8 m, installert effekt er 1,79 MW og maks slukeevne er 0,93 m³/s. Det vert ikkje slept minstevassføring på utbygd elvestrekning. Kraftverket har magasin i Rismålsvatnet, som er regulert mellom kote 218,5 og 279,5. Dette gjev eit magasinivolum på 2 mill. m³ eller ein magasinprosent på om lag 10 %. Kvart år er det overløp frå dammen i Rismålsvatnet i samband med vårflaumen. Dette ønskjer Sørfold Kraftlag å minimere, samstundes som det no er behov for vedlikehald og utskifting av komponentar for å sikre drifta i kraftstasjonen. Sweco har difor utreda ulike alternativ for å redusere overløpet. Sørfold Kraftlag ønskjer å gjennomføre alternativ E i Sweco sin rapport. Dette alternativet inneber å oppgradere aggregatet til ei maksimal slukeevne på 1,2 m³/s og maksimal installert effekt til 2,27 MW. Dette vil gje ein auke i produksjon på 0,7 GWh per år, frå 8,9 GWh til 9,6 GWh. Det er heller ikkje med dei nye planane planlagt å sleppe minstevassføring.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Kvarv kraftverk - hovuddata			
TILSIG		I dag	Omsøkt utviding
Nedbørfelt	km ²	11,7	11,7
Planlagt minstevassføring	l/s	0	0
KRAFTVERK			
Lengde på aktuell elvestrekning	m	1000	1000
Brutto fallhøgde	m	238,8	238,8
Slukeevne, maks	l/s	930	1200
Installert effekt, maks	MW	1,79	2,27
MAGASIN			
HRV	moh.	279,5	279,5
LRV	moh.	218,5	218,5
Magasinvolum	mill. m ³	2	2
PRODUKSJON			
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,8	3,85
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	5,1	5,76
Produksjon, årleg middel	GWh	8,9	9,6

Høyring

Meldinga er sendt **Sørfold kommune**, **Nordland fylkeskommune** og **Fylkesmannen i Nordland** på høyring. Dette vert rekna som tilstrekkeleg for meldingar.

Sørfold kommune har i e-post av 22.10.2012 ikkje merknader til prosjektet.

Fylkesmannen i Nordland uttalte følgjande i e-post av 02.11.2012:

"Den økte slukeevnen i det oppgraderte kraftverket vil føre til at overløpet fra inntaksdammen (Rismålvatnet) vil bli redusert i vårflommen. Dette vil gi en viss reduksjon i vannføringen i Rismålsfossen i denne perioden av året. I følge meldingen er det normalt ikke overløp på dammen resten av året. På bakgrunn av de opplysninger vi har kan vi likevel ikke se at en oppgradering av Kvarv kraftverk med nytt aggregat, der maks. slukeevne økes fra dagens 0,93 m³/s til 1,2 m³/s, vil gi vesentlig skade eller ulempe for allmenne interesser.

Vi har også vurdert tiltaket i forhold til vårt eget sektorlovverk og kan ikke se at dette kommer til anvendelse i denne saken. Vi har også vurdert kunnskapsgrunnlaget i forhold til kravene i naturmangfoldloven § 8 og har kommet fram til at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkelig sett på bakgrunn av tiltakets begrensede skadepotensiale på naturmangfoldet.

Av hensyn til økologien i Rismålselva, fuktkrevende vegetasjon langs elva og friluftslivsinteressene i området mener vi det bør stilles krav om slipp av minstevannføring fra Rismålvatnet."

NVEs vurdering

Sørfold Kraftlag ønskjer å oppgradere aggregatet i Kvarv kraftverk i Sørfold kommune. Samstundes med oppgradering er det eit ønskje å auke slukeevna for å ta unna vårflaumen som i dag går over dammen. Eksisterande røyrgate skal framleis nyttast. Det vert såleis ingen nye fysiske inngrep.

Det eksisterande kraftverket slepp ikkje minstevassføring på påverka elvestrekning og det er heller ikkje planlagt å sleppe minstevassføring med dei nye planane. Fylkesmannen peikar på at det av omsyn til fuktkrevjande vegetasjon og friluftssinteresser i området bør sleppast minstevassføring frå Rismålsvatnet. Kvarv kraftverk vart sett i drift før vassressurslova vart gjort gjeldande. Lova har ikkje tilbakeverkande kraft og bestemminga i § 10 om minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring vert difor ikkje gjeldande. NVE kan på bakgrunn av dette ikkje stille krav om slepp av minstevassføring.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å oppfylle forvaltningsmåla om naturtypar og artar, jf §§ 4-5 er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 som slår fast at offentlege avgjersler som er avgjerande for naturmangfaldet så langt det er rimeleg skal byggje på vitskapleg kunnskap om art eller naturtype, samt effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein gjere nytte av føre-var-prinsippet jf. nml § 9. Søk i DN's naturbase og artskart (29.06.2012) viser ikkje registreringar av viktige naturtypar eller artar i det aktuelle området. Sidan kunnskapsgrunnlaget skal stå i samsvar med saka sin karakter og risiko for skade for naturmangfaldet vurderar NVE at søk i databasar, uttale frå Fylkesmannen og egne erfaringar er tilstrekkeleg for å vurdere konsesjonsplikt.

Sørfold Kraftlag ønskjer å auke slukeevna for å unngå overløp frå dammen i periodar med flaum, gjerne knytt til våren. Oppgraderinga vil ikkje fråføre vatn frå nye elvestrekningar. Auka slukeevne vil gje færre overløp og dermed noko mindre vatn i Rismålsfossen samanlikna med dagens situasjon. Slik NVE ser det vil ikkje dette endre situasjonen i elva vesentleg. Det vert i dag ikkje slept minstevassføring og elva går tørr store delar av året. Det som ev. har vore av fuktkrevjande organismar i elva vil høgst sannsynleg ha forsvunne på grunn av vanskelege forhold. NVE kan difor ikkje sjå at allmenne interesser knytt til biologisk mangfald vil bli ytterlegare påverka av den omsøkte oppgraderinga.

NVE har bede kommune, fylkeskommune og Fylkesmann om uttalar i høve til allmenne interesser som mellom anna friluftsliv, landskap, kulturminne, fisk og biologisk mangfald. Då høyringspartane ikkje har særskilte merknader til prosjektet må NVE gå ut i frå at konfliktnivået ikkje er høgt.

NVEs vedtak

Med heimel i vassressurslova § 18 og delegering til NVE frå Olje- og energidepartementet av 19. desember 2000, vedtek NVE at tiltaket ikkje treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Vedtaket legg til grunn at tiltaket vert gjennomført i samsvar med planane som er lagt fram. Dersom planane vert endra, må tiltaket vurderast på nytt. Iverksetting av konsesjonspliktig tiltak utan naudsynt konsesjon er straffbart etter vassressurslova § 63.

Vi gjer merksam på at sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, gjeld regelen i vassressurslova § 5 om aktsemd og vassressurslova § 41 om nedlegging av vassdragsanlegg.

Denne avgjerda gjeld under føresetnad av at tiltaket vert sett i gong seinast innan fem år frå dato for vedtaket, jf. vassressurslova § 19. Det kan søkast om utsetting ein gong.

Vidare sakshandsaming

NVEs konklusjon bygger på dei opplysningane som er gjevne i meldinga. Ved endringar i planane må ein sende ny melding, slik at NVE kan vurdere konsesjonsplikta på nytt.

Vi understrekar at dette vedtaket ikkje gjev løyve til bygging. Tiltak som ikkje treng konsesjon etter vassressurslova, skal byggjast etter reglane i plan- og bygningslova. Kommunen skal først vurdere utbygginga i høve til gjeldande arealplan for området og fastsette om det må lagast ny reguleringsplan

for området eller om det kan gjevast dispensasjon frå gjeldande arealplan. Tiltaket må så verte handsama som byggesak i kommunen. Tiltakshavar må sjølv ta kontakt med kommunen for naudsynte avklaringar og for å få dei naudsynte løyva.

Vidare gjer vi merksam på at tiltakshavar sjølv må avklare tilhøva til dei private interessene som tiltaket eventuelt kan gje følgjer for. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege tilhøva.

Tiltakshavar skal gjere ei vurdering av konsekvensar for brot på dam (demning) og turbinrøyr ved å fylle ut skjema for klassifisering. Skjema for klassifisering og "Forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg" (damsikkerheitsforskrifta) finst på NVEs heimesider; www.nve.no. Utfylt skjema med vedlegg skal sendast til NVE. Vedtak om klasse vert gjort i eige brev frå NVE. Vi minner om at dam og røyr i klasse 4, 3, 2 eller 1 må prosjekterast av NVE-godkjend rådgjevar og i samsvar med reglane i damsikkerheitsforskrifta. Arbeidet med tekniske planar bør ikkje startast opp før NVE har vurdert og gjort vedtak om konsekvensklasse.

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavar sitt eige ansvar å sørgje for naudsynte avklaringar. Vi anbefalar at det vert teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.


Har kraftverket ein merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksam på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Rundskrivet kan du også få på næraste tollstad.

Igangsetting av kraftverk skal meldast inn på skjema som finst på www.nve.no/Rapportere-og-soke-til-NVE.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til paratar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar dei interesser som saka vedkjem). Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Gry Berg
seksjonssjef

Kopi: Sørfold kommune, 8226 STRAUMEN
Fylkesmannen i Nordland, Statens Hus, 8002 BODØ